

Skildring av tiltaket

Om tiltaket

Tiltaket gjeld utbetring av ca 600 m av FV247 som går frå Holme til Tveit i Meland kommune. Utbetringa omfattar vegutviding, siktutbetring og betra linjeføring. FV247 har i dag svært dårleg sikt som skapar farlege situasjonar for køyrande og mjuke trafikkantar.

Bakgrunn

Meland kommune starta i 2018 opp med å leggje nye vass- og avlaupsleidningar mellom Holme og Tveit. Leidningane skal gå langs fylkesvegen og gjev moglegheiter for å utbetre veggen på ein god og kostnadseffektiv måte. I samband med planlegging av VA-anlegget spelte kommunen inn til fylkeskommunen at det var behov for eit tilbod til mjuke trafikkantar langs veggen. Innspelet vart teke til følge og det er i 2019 bevilga 1 mill kr til fortau på strekninga i Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2019-2029, vedteke i fylkestinget desember 2018. I etterkant av denne bevilgninga har kommunen sett at det også vil vere svært formålstenleg og utbetre veggen generelt.

Teknisk utføring

Det er utarbeidd ein plan- og profil teikning (C-teikning) for tiltaket samt tverrprofiler (U-teikningar) som er vedlagt søknaden, og viser den konkrete utforminga av veggen. Veggen er dimensjonert som vegklasse A3 med 4 m breidde med møteplassar og 3 m fortau. I tillegg er det ønskje om å etablere nye veglys.

Framdrift

Kommunen held i dag på med arbeid med VA-anlegget på strekninga og har alt av nødvendige maskiner og utstyr på plassen. Anlegget skal stå ferdig i løpet av 2019 og dersom kommunen får tilskot vil vegutbetringa også stå ferdig i løpet av 2019.

Kostnader

Ettersom kommunen vil utføre mykje av grunnarbeidet som ein del av VA-anlegget vil vegutbetringa bli utført på ein svært kostnadseffektiv måte.

Forankring

Meland kommune har godkjent trafikksikringsplan for 2016-2020. Ettersom planen vart utarbeidd i 2015 hadde ein ikkje sett for seg at det var mogleg å utføre eit så stort tiltak i planperioden. Det har vært VA-anlegget som har vært ein utløysande faktor. Grunneigarar og brukarar langs veggen har oppretta ei eigen underskriftskampanje på internett som støtter vegutbetring og etablering av fortau. Kampanja har i dag 610 underskrifter. Ordførar er elles godt kjent med tiltaket og svært positiv.

Grunneigarar

Tiltaket krev at det vert erverva noko areal frå eigedomane som i dag grenser til veggen. Meland kommune har hatt dialog med grunneigarane og dei er innstilt på å inngå avtale om erverv. Foreløpig har kommunen inngått avtale med eigarane om å nytte arealet som skal ervervast til midlertidig omkøyringsveg.

Brukarar

Langs fylkesveg 247 ligg det i dag ein barnehage med over 100 barn og eit lagshus som vert nytta til diverse arrangement, øvingar mm. Det vil snart åpne ein ny matvarebutikk i krysset mellom fv 247 og fv 564, i tillegg til at det er satt av areal til bustad og næring langs fv 247 i kommuneplanen. Område langs fv 247 er i utvikling, noko som vil auka trafikken av både mjuke trafikkantar og køyrande. Utviklinga er avhengig av den nye undergangen under fv 564 som er ein del av Nordhordlandspakken. Undergangen er under bygging og vil stå ferdig i 2019.

